



Juleforteljing med forviklingar



Målet med oppgåva

- samarbeide om å skrive ei forteljing
- bruke forventingsbrot og humor som verkemiddel



Oppdrag

I denne oppgåva skal elevane delast inn i par og samskrive ei juleforteljing med forviklingar. Målet med forteljinga er å underhalde og overraske og bruke humor som verkemiddel. Før elevane startar på sjølve skrivinga, er det lurt å snakke litt om kvifor *forventingsbrot* er eit effektivt litterært verkemiddel. Kan elevane hugse ein gong dei har blitt overraska over ei uventa vending i ei bok, ei novelle, ein serie eller ein film? Kva slags effekt fekk det for opplevinga?

Tips til framføringa av forteljinga: Dramatiser forteljinga. Be kvart skrivepar lese forteljinga høgt for klassa, medan eit anna par får i oppgåve å dramatisere ho.